

beste



Foto: ASTRID EIDE

Etter eitt år med bachelorstudie i Tromsø startar han no på eit fireårig studium med basstrombonen ved Barratt Due musikkinstitutt i Oslo.

– For det er dette eg likar, og eg skal stå på for å få meg jobb ved eitt av dei profesjonelle korpsa i Norge, sjølv om deg då

må bu borte frå Stord. Men det er grunnlaget eg fekk på Stord, ikkje minst ved musikklinja, som gjer at har lukkast såpass bra med trombonen, seier basstrombonisten i Norsk Blåsesymfoni.

► **Geir Rommetveit**
redaksjonen@sunnhordland.no

Stiller ut Kambodsja-bilete

Adrian Digernes Særsten drog med tanta si til Kambodsja. Det har blitt ei fotoutstilling.

Utstillinga som opnar i dag, fredag, i Losjen i Fitjar, har fått namnet «På tur med Alma i Kambodsja». Adrian Digernes Særsten har nyleg hatt avgangsutstilling ved Oslo Fotokunstskole. Han har tidlegare mellom anna hatt utstilling på Oslo S, og Galleri Losjen. Sist han stilte ut i Fitjar var det fotografi frå Oslo S. Denne gong er bileta henta frå langt fjernare strok.

Tanta til fotografen, Haldis Særsten, driv hjelpeorganisasjonen Alma-M, som er ein frivillig organisasjon gjennom fadderordning og donasjoner, og betalar skulegang for 60



FOTO: Adrian Digernes Særsten har følgt tanta si sitt hjelpearbeid i Kambodsja.

born, 56 jenter og fire gutter i Kambodsja. Landet har ei brutal historie. Rundt ein fjerdedel av befolkninga blei drepen under Pol Pot sitt regime på slutten av 70-talet. Halvparten av kambodsjanarane er under 25 år. Alma-M er éin av fleire organisasjoner som jobbar for

better leveituasjonen i Kambodsja. Alma-M arbeider sitt mål er å skapa eit fundament for betre oppvekst og utvikling i Kambodsja.


► **Hilde Vormedal Nybø**
hildevn@sunnhordland.no

Stiller ut i Moster Amfi

Bjørg Strømme er årets utstillar i Moster Amfi under Kystsogevekene.

Strømme, som er busett på Fitjar, har kalla utstillinga, som skal henga opp frå 12. til 24. september, for «Jeg ser». Arbeida ho stiller ut er akvareller, akrylmåleri og foto på plate.

Bjørg Strømme har fem års utdanning som faglærar i forming frå Bergen og Stord, og har og tatt mange kurs, spesielt i akvarellmåling. Ho er ein allsidig kunstnar som har vore lærar i formgjevingsfag, og hatt ulike kurs, utstillingar og



ALLSIDIG: Bjørg Strømme er ein allsidig kunstnar. Her er eitt av bileta som er stilt ut i Moster Amfi.

studiereiser til utlandet. Ved siden av akvarellmåling, arbeider ho med lappeteknikk og designar og syr ulike produkt i fiskeskinn, lær og nappaskinn, står det i ei pressemelding frå Moster Amfi.

Fiskebåtreiar Inge Hal-

stensen står for den offisielle opninga av utstillinga i morgen, laurdag, der det også blir musikalsk innslag av Solveig Strømme og Øystein Skullerud.

► **Hilde Vormedal Nybø**
hildevn@sunnhordland.no

Kunstreise til flyplassterminalen

► **KUNST:** 17. august opnar den nye terminalen på Bergen lufthamn Flesland og bybanen tek reisande heile vegen fram til terminalen. Og medan du sit på banen kan du underveis kika på ikkje mindre enn ti kunstverk. Dersom du ønskjer allereie no å sjå verka så blir dei presentert på Hordaland fylkeskommune si facebook-side og Instagram kvar dag fram til 17. august.

På opningsdagen for den nye flyplassterminalen vil kunstnane bak dei tre siste verka langs Bybanen presentera desse for reisande, fylkesordføraren og inviterte gjester på endestoppet og ved Sandslimarken haldeplass.

Kunstverka har blitt valt ut både



LED-KUNST: «Kjankaren» i Skjoldtunnelen er eit av dei ti bybanekunstverka.

FOTO: HORDALAND FYLKESKOMMUNE

gjennom konkurransar og direkte kjøp. Alle er tilpassa staden dei er på, og skal stimulera fantasi, gi undring og gje dei reisande noko ekstra.

I Norge er kunst langs ein kollektivtrasé ikkje vanleg, og inspirasjon er henta frå i Nice i Sør-Frankrike.

– Det har lenge vore eit anerkjent prinsipp om at kunst i det offentlege rom skal vera knytt til bygninga. Då Bybanen kom var det lett å tenkja dette som eit «bygg» i offentleg rom, det er ei ferdslesåre for hundretusenvis av menneske. Kunsten gjer kvarden og reisa til dei som tek Bybanen rikare. Eit anna aspekt er at bybanekunsten er allmenn tilgjengeleg og open for alle. Det er ein ekstradimensjon for Bybanen, seier Ronny Skar, utviklingssjef kunst og kulturformidling i Hordaland til fylkeskommunen si nettside.